



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2015

20. ÅRGANG



Salvador Dalí

Velsigna Påskehøgtid!

Palmesøndag- teksten

Jesus blir salva i Betania (Matteus 26,6-13)

Medan Jesus var i Betania, heime hos Simon den spedalske, kom det ei kvinne bort til han med ei alabastkrukke med dyr salve. Den helte ho ut over hovudet hans medan han låg til bords. Då lære-sveinane såg det, vart dei arge og sa: «Kva skal slik sløsing tena til? Denne salven kunne vore seld for mange pengar som kunne gjevast til dei fattige.» Men Jesus merka det og sa til dei: «Kvifor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg. Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid. Då ho slo denne salven ut over kroppen min, salva ho meg til gravferda mi. Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der dette evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.»

Hosianna! *Andakt ved sokneprest Signe Hellevik*

Ropa fyller de siste bakkene opp mot Jerusalem. Det er glede og forventning i lufta. Nå kommer han! Det mange har tenkt og undra seg over i det stille, er blitt til visshet, noe alle kan rope ut:

Hosianna! Velsignet være han som kommer i Herrens navn!

Han er Messias! Han er redningsmannen som profetene snakket om, frelserkongen de har ventet på i generasjoner.

Nå skal alt bli bra!

Han kommer på et esel, slik profeten Sakarja har sagt: «Se, din konge kommer til deg, rettferdig og fattig er han og rir på en esel.»

En gang kom kongene slik. Da Salomo ble hyllet til konge, fikk han sin fars, Davids, muldyr, som ridedyr.

Og nå kommer den nye kongen og den nye tiden – på et kongelig esel. Et tegn på at han er den de venter på – og et tegn eller varsel om hvordan denne kongen vil regjere. Rettferdig, ydmyk og tjenende. Han er makten som vil tjene. Jesus hilses velkommen. Han heies fram. Klær og palmegreiner blir lagt på veien foran han. Og han tar imot hyllest. Det er dette han har lagt opp til, det er dette han vil. Vise byen og folket hvem han er.

Så vet vi at stemningen snart snudde. Antakelig visste Jesus det også. Han ble arrestert og anklaget for gudsbespottelse og politisk oppvigleri. Kanskje var noen av de samme menneskene med og ropte "korsfest" noen dager etter? Det var jo ikke dette de hadde ventet. Han forvirret dem.

Slik han kanskje forvirrer mange av oss ennå. Det er ikke så lett å få tak i hvem Jesus egentlig er – her og nå og for oss. Han er den milde og den sterke, den som er full av omsorg, klok og samtidig sylskarp i sine svar til noen av sine kritikere. Guddommelig og menneskelig. Men denne dagen – på palmesøndag – rir han inn i byen omgitt av glade mennesker og høye hosiannarop.

Velkommen til byen!

Velkommen inn i våre liv!



Av Bjørn Bjørneboe

Å salige stund uten like *av Johan Halmrast*

Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennå!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven, Hvor bleknet i døden han lå,
Jeg levende så ham i haven, Og aldri så skjønn jeg ham så.

Han lever, og jeg skal få bringe Hans venner det salige ord -
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, Den minste han kjenner
på jord.

Tenk, jeg skal hans hilsen frembære, Å, kunne jeg synge det ut!
Å, kunne ei engler begjære Å gå med så salig et bud!

Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennå!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde, Og dvelte ved gravnatten kun,
Så fikk du ham levende møte, Å, salige, salige stund!



Av Per Audun Høgset

Jesus på krossen

(Christ of Saint John of the Cross) av Salvador Dalí

Av Per Audun Høgset



Framsdebiletet i denne utgåva av Kyrkjebladet er måla av Salvador Dalí (1904 – 1989), ein spansk kunstnar som er mest kjend for sine surrealistiske måleri. Surrealisme tyder «utover realiteten», og Dalí meinte sjølv at han fekk inspirasjon til dette måleriet i ein draum.

mellom oss og det guddomlege og evige. Krossen med den krossfesta blir det sentrale i måleriet og i universet, opplyst av Gud. Menneskesonen blir aldri forlaten av Gud, ikkje eingong i døden.

Landskapet ligg også i lyset, og kunstnaren har i nedre kant med ein båt og ein fiskar slik at ikkje Jorda ligg heilt aude. Med tanke på kristen symbolikk og Jesu liv slik det er skildra i evangelia, er nok ikkje dette tilfeldig.

I menneske- hender

Av Kari Nakken

I den intense timen då du tok avskjed med dine som sovna av trøytteleik og sorg i Getsemane, sa du: «Timen er komen då Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender.» (Matt. 26.45)

Det var hender som skubba og drog,
hender som greip hardt rundt svepeskaftet
for å ha godt tak når dei slo.
Svinga svepa gong etter gong,
gjennom rommet lydde ein uhyggeleg song.

Blykuler rispa mot hud og hår,
ryggen vart blodig og sår.
Narrekrone med tornar lange,
pressa ned på ditt hovud og panne.
Spott og hån du òg måtte tole.
Ingen kan vel din kjærleik måle.

Seinare, hender nagla til krossen deg fast,
men frelseverket var fullført før hjarta ditt brast.
Det er ikkje godt å vere i menneskehender
som si gjerning til det vonde vender.

Etter din død kom det gode hender
som ned ifrå krossen deg løyste.
Stelte deg varleg og prøvde kvarandre å trøyste.
Gav deg ei grav i hagen
der du kvilde til påskedagen.
Då rulla englehender steinen ifrå,
og du sigrande ut kunne gå.



Den engelske tittelen på biletet «Christ of Saint John of the Cross» røper også ei anna inspirasjonskjelde, ei skisse av Jesus på krossen, laga av ein katolsk prest som seinare vart kanonisert til helgen (St. John of the Cross). Det var synsvinkelen som inspirerte Dalí mest ved denne skissa; vi ser den krossfesta Kristus «frå himmelen».

Salvador Dalí fullførte verket i 1951, og i dag er det utstilt i eit museum i Glasgow. Måleriet vakte sterke reaksjonar, og i 1961 gjekk ein rasande mann laus på biletet med ein stein og laga store flenger i det. Heldigvis lét det seg restaurere.

Måleriet er utradisjonelt i framstillinga av Kristus på krossen. Vi ser verken Golgata eller folkemengda rundt krossfestinga, tvert imot er krossen og Jesus løfta ut av denne samanhengen. Den krossfesta er omgitt av ei kosmisk ro, uavhengig av tid og stad. Vi ser ikkje andletet til Jesus, og Dalí er ikkje oppteken av å vise liding, blod og sorg. Tornekrona og smerten er teken vekk, og Jesu livsverk er fullbrakt.

Synsvinkelen er litt «surrealistisk», krossen kjem mot oss, medan vi ser landskapet under krossen som om vi stod i utkanten av måleriet. Jesus blir på denne måten bindeleddet

Eg er framand

Eg er framand, eg er ein pilgrim,
Berr' ei kveldstund, berr' ei kveldstund er eg her.
Steng ikkje vegen, for eg vil fylgja
Guds folk til strid over berg og bylgja!
Eg er framand, eg er ein pilgrim,
Berr' ei kveldstund, berr' ei kveldstund er eg her.
Jorda eig ei den ro eg søkjer,
Nei, eg lengtar, nei, eg lengtar til Guds stad
Der sluttar sorga, der tørkast tåra,
Der ingen meir blir lagt død på båra.
Jorda eig ei den ro eg søkjer,
Nei, eg lengtar, nei, eg lengtar til Guds stad.

Kjære Herre, om eitt eg ber deg:
Fylg og lei meg, fylg og lei meg alltid du!
Ved himmelstranda der vil eg hamna,
Eg heim vil koma og deg vil famna.
Kjære Herre, om eitt eg ber deg:
Fylg og lei meg, fylg og lei meg alltid du!

Hallvar Djupvik i samtale med Audbjørg Gjerde Lippert

Vi greier å huke tak i Hallvar midt i hans store engasjement i operaveka i Kristiansund for å snakke med han om CD-en *NECK OF THE WOODS* av Daniel Herskedal og Marius Neset (utgitt i 2011). Ein av songane der er folketonen *EG ER FRAMAND*. Hallvar Djupvik er solist i denne vakre songen til arrangement av Herskedal/Neset, og den klare tenoren hans formidlar det djupt religiøse innhaldet. Vi har stilt han nokre spørsmål om kva tankar han gjorde seg medan han arbeidde med denne songen.

Er det annleis å synge ein religiøs tekst enn å gå inn i rollefigurane i operaen som du vel etter kvart er mest van med?

Det er likskaper og skilnader. I denne songen er det for meg ein tydeleg tekst som krev at ein kan setje seg inn i korleis det er å føle seg framand på jorda, og at ein søkjer kvile og ro som livet ikkje kan gje. Eg som mange andre har kjent på slike følelsar i enkelte periodar av livet. Det er ikkje kvar gong eg syng denne songen at eg verkeleg kjenner det slik, og då er det ein styrke å ha erfaring med å framkalle følelsar, slik ein gjer som skodespelar for å gje framføringa truverde.

Blir du gripen av tekstane du syng, og gjer dei noko med deg som person?

Når eg framfører denne songen og andre songar, er det samspelet mellom tekst og melodi som grip meg. At vi skulle spele inn akkurat denne songen, var det eg som valde, og Daniel og Marius laga eit arrangement for seg sjølve. Eg hørde denne songen for første gong framført a capella i Rosekyrkja i Stordalen av ei songarinne. Han greip meg med ein gong, og det var ein tekst som eg kunne relatere til momentant. Elles når eg syng viser, syng eg ofte ting som gjev meg like store personlege opplevingar om eg spelar dei i eit lukka rom utan publikum, som om eg syng for eit fullstappa lokale. Slik trur eg at eg best kan gje publikum den største opplevinga. Det er eit mål for meg å vise noko av meg sjølv som eg ikkje kan fortelje med berre ord.

Songen handlar om pilegrimen som lengtar bort frå jordelivet for å kome til Guds stad. Gir teksten trøyst, eller er han defensiv? Har du gjort deg nokon tankar om det?

Eg trur ein kan tolke denne songen på fleire vis. Om ein ser på denne eg-personen og det som vert sagt, kan ein få assosiasjonar til ei stor uro og tilnærma sjølv-mordstankar, - altså det at ein finn det for vanskeleg å leve blant andre menneske, svolt, undertrykking eller andre jordiske uromoment som ein er blitt fortald ikkje finst i himmelen. Eg ser meir på det som ei beskriving av sorg, som alle



menneske kan ha i seg i løpet av eit liv, og som ikkje nødvendigvis er så dramatisk som det kan framstå. Eg tenker at dei fleste, på eit punkt i livet, tenker at livet er for hardt. Kan eg verkeleg takle dette? Finst det ein stad utan desse plagene og denne sorga? Det ein finn ut, er at det finst tider og stader i sjølve livet som kan leve opp til desse ynskja, men at ein må ta seg tid til å sjå dei. Ofte ser ein slikt i fortid og framtid. Det å sjå at det finst ro og gode opplevingar, er vanskelegare i notida slik eg opplever det.

For meg som lyttar skaper din lyse tenor ein sterk kontrast til dei dramatiske tonane frå tubaen og saxofonen. Korleis opplevde du dette?

Eg trur nok ein kan sjå det som eit bilete. På tubaen kan ein skape djupe tonar som kan illustrere desse djupe følelsane som er beskrivne, samtidig som eg prøver å synge med mi ærlege stemme, som jo er ei tenorstemme. Altså blir klangen lys. I operaen prøver eg ofte å skape ein mørkare klang på dei høge tonane. Når eg syng ei vise i mikrofona, treng eg ikkje å gjere det, og ein høyrer betre kjernen i stemma.

På ein måte verkar denne folketonen noko gammaldags. Trur du likevel at han kan vere aktuell for det moderne mennesket?

Eg trur han er svært relevant. Sjølv om alle generasjonar ser på seg sjølve som den moderne generasjonen, og at vi er komne så mykje lenger enn i tidlegare tider, er dette berre ytre faktorar. Eg trur at eit livsløp med sorger og gleder stort sett er det same, og slik sett er vi dei same som for tusen år sidan, og kanskje som dei første menneska. Det å undrast, plagast og å søkje trøyst er nok universelle faktorar i eit liv - uavhengig av tid eller generasjon. Blant anna er «dessertgenerasjonen» eit uttrykk som eg finn urettferdig.

Til slutt eit litt personleg spørsmål. Betyr det kristne innhaldet i songen noko for deg?

Eg er vel av dei som prøver å omfamne ein tanke om at eg ikkje veit noko. Eg liker ikkje at ein må velje noko og vere bastant på at «dette trur eg». «Når dette skjer, kjem eg dit eller dit». Eg prøver å finne ein positiv motivasjon i at det er mykje (for ikkje å seie det meste) eg ikkje veit. Men, om eg møter ein snill og forståingsfull person på himmelstranda etter døden, er det ei positiv overrasking. Derfor er det naturleg og forståeleg at menneskje vel å tru og håpe på dette.

--

Vi takkar Hallvar for praten og sett på CD-en for å lytte til **Eg er framand** endå ein gong.

Et tau og en stol

Av diakon Tone Hvidsten

Et langt tau, en stol og to veldig positive sittedansinstruktører må til for at sittedansen skal bli bra. Den må være sånn den bruker å være. Da vet vi hva som kommer, og hva vi kan glede oss til.

En torsdag i måneden møtes vi i kjelleren på kirkekontoret. Slik har det vært i mange år. En etter en, eller i flokk, kommer de inn døra, rister av seg snø og kulde og henger klærne på en knagg. Vi hilser på hverandre og finner en stol å sitte på i sirkelen. Det er forventning i lufta og litt småprat om litt av hvert før vi ønsker velkommen, og Liv Turid (Kristiseter) starter dansen. Til musikk av gode, gamle slagere får vi brukt mange muskler. Vi trener opp koordinasjonen og gleden. Og utrolig nok; vi blir varme mens vi sitter på en stol!

Første runde er danset i land, og Bodil (Bryn Kvistad) tar over. Flere danser, flere smil. Musikken og dansen gjør noe med oss. Etter en times tid med dans er det tid for en pause. Mer småprat om litt av hvert. Og en andakt med gode medhjelpere.

Denne gjengen er trofast. Noen kommer alene, og noen kommer sammen med en ledsager. De trenger litt tilrettelegging. Det å samarbeide og møtes på tvers av ulikheter gir mange muligheter, og det er berikende.

Et slikt samarbeid hadde vi før jul da vi laget en gudstjeneste sammen. I en gudstjeneste der psykisk utviklingshemmede deltar, blir det mye liv og glede. Vi samarbeidet om Freds-

og menneskerettighets søndagen. På forhånd hadde vi et gudstjenesteverksted. En slik gudstjeneste har vi i menigheten hver høst og hver vår. Den neste er palmesøndag på Myra kulturhus. VELKOMMEN

SITTEDANS



Kantor Sissel Fossli Schiøtt

I samtale med Audbjørg Gjerde Lippert



Gjennom ei årrekke har Sissel Fossli Schiøtt formidla vakker musikk rundt om i Vestnes. For 20 år sidan kom ho og familien til Vestnes etter at ho fekk fast stilling i Kulturskulen for å undervise i pianospel. Tidlegare hadde ho arbeid som rektor ved kulturskulen i Aukra og gitt pianoundervisning ved Molde kulturskule. Familien hadde inntil då flytta mykje rundt omkring, og

hadde no lyst til å slå seg til ro. Sissel var òg komen til eit punkt der ho kjende trong til å vere meir utøvande musikar. I år 2000 blei stillinga som kantor/organist i Vestnes ledig. Ho søkte stillinga og fekk henne.

I ungdommen ville Sissel Fossli Schiøtt bli klaverpedagog. Ho greidde opptaksprøva ved Musikkonservatoriet i Oslo og har utdanning i klaver frå det og Musikkhøgskolen, der ho etter seks år tok diplomeksamen. Der spelte ho bl.a. med professor Robert Riefling og fekk eit stort repertoar. Det var mykje øving, vanlegvis fem timar om dagen, noko ho fann hardt, men gjevande.

Kva betyr det å vere kantor? vil vi vite.

Ordet kantor tyder den som leier songen. Å bli kantor krev ei formell utdanning som vanlegvis tek fire år. Eg tok tilleggsutdanning etter at eg blei tilsett i Vestnes. Eg hadde timar i orgel med Tim Rishton (organist i Innfjorden) og begynte studiar ved Kirkelig utdanningsseier i Nord (Tromsø) på deltid samtidig som eg hadde full stilling i Vestnes. I tida før godkjenninga øvde eg natt og dag på orgelspel, mest i kyrkja, småler ho. Praksis hadde eg med Erling With Aasgård ved Molde domkyrkje, og etter to år var eg ferdig utdanna, og eg blei godkjend som kantor av Musikkhøgskolen. Deretter hadde eg gode samtalar med biskop Odd Bondevik i samband med at han vigsla meg som kantor. Det var ei god oppleving som eg har tatt med meg vidare.

Kva går arbeidet ditt ut på?

Arbeidet er eit teamwork med alle på kyrkjekontoret, særleg med prest, diakon og trusopplærar. Som kantor er eg leiars av kyrkjelysten si musikalske verksemd gjennom musikk, liturgi og salmar. Eg skal levandegjere tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdier og prøve å få fram breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelyden. Salmane vi bruker på gudstenestene, vel gjerne prest og kantor i lag.

Korleis kan ein kantor vere med og styrkje formidlinga av den kristne bodskapen?

Salmane må passe til dagens tekst. I tillegg er det viktig å ta om-

syn til høgtider, kyrkjeåret og årstider. Bodskapen blir formidla gjennom salmar og liturgi. I fastetida t.d. vel eg gjerne dempa musikk som går innover og appellerer til hjartet. Musikken då er helst mollstemd for å førebu alvor i påskebodskapen. I openberingstida finn eg det meir naturleg å bruke lettare musikk, i dur. Musikken har strengar som ord ikkje kan formidle, og eg trur han kan nå lenger enn ord. Dette merkar eg særleg i gravferder. Gjennom musikken kan folk få gråte og kjenne på sorg, noko eg meiner er viktig for dei sørgjande.

Er det viktig for deg å vere forkynnar gjennom musikken/songen?

Sissel har ei klar meining om dette og seier det slik: Eg ser ikkje på meg sjølv som forkynnar. Eg er formidlar, og eg prøver å vere tru mot komponisten.

Kva utfordringar møter du?

Det er nok først og fremst at tidsfristane ofte er for korte til å få øvd så mykje som eg gjerne vil. Sjølv sagt kan eg i god tid øve på det eg veit ligg langt fram i tid, men svært ofte kjem ting brått på, og det kan vere eit press å gjennomføre musikken godt nok.

All musikk skal dessutan godkjennast av meg. Dette kan av og til vere ei utfordring ved gravferder. Dei sørgjande har gjerne spesielle ønske her, og ikkje all musikk høver like godt i kyrkjelag samanheng. Det kan vere vanskeleg å sette grenser. Vi prøver helst å unngå bruk av CD. Samtidig vil eg gjerne møte dei sørgjande på ein god måte, for eg forstår at musikken dei ber om å få bruke, betyr mykje for dei. Eg vil gjerne vere folkeleg og imøtekomande så langt eg finn det forsvarleg, men musikken må i det minste ha allmennmenneskelege aspekt i seg og ikkje stride mot kyrkja si lære.

Ei anna utfordring er orgelparken som ikkje er særleg god. Vi hadde besøk av domkantoren som gjekk gjennom alle orgla. Han kunne konstatere at fundamentet var for dårleg, og at alle orgla var under pari. Dei manglar solostemmer, og det gjer at det ikkje er muleg å velje eit repertoar fritt. Det er sjølv sagt eit økonomisk spørsmål, men eg håper prosessen til betring kan kome i gang. Eg skulle dessutan ønske at Vestnes kyrkje kunne få eit flygel. Pianoet er for dårleg til konsertar, legg ho til.

Korleis er arbeidsdagen til ein kantor?

Det er stor variasjon både når det gjeld arbeidsmengd og innhald. Fast er to kontordagar og babysong annakvar tysdag i kyrkjekontorkjellaren i tillegg til gudstenester, andaktar på institusjonane, gravferder, vigslar og konsertar i tillegg til mange andre arrangement rundt omkring etter behov. Eg har ansvaret for vedlikehald av kyrkja sine instrument og er med å leggje til rette for ulike musikkarrangement. Dessutan går mange timar med til øving og førebuing.

Kva liker du best i denne jobben?

Eg liker aller best å spele, åleine eller saman med andre. Eg elsker

å øve og å lage musikk. Dessutan liker eg å dirigere kor. Arbeid med barn er eg òg glad i, og eg ser med glede på babysongen med bruk av flagrande tekstilar i sterke fargar og gode rytmar. Det skal vere noko for alle sansar.

Har du ein draum du har lyst til å sjå verkeleggjort? For eksempel dirigere eit stort kyrkjekor? (Sissel ser fram for seg her, tenkjer litt, før det kjem:)

Det er på ein måte mitt dårlege samvit dette med eit kyrkjekor. Vi hadde det lenge, men etter kvart vart det vanskeleg å få nok stemmer, særleg på mannssida. Eg skal gjerne innrømme at eg saknar eit kyrkjekor, og eg ville vere glad om vi kunne få til noko der. Eit barnekor kunne òg vere ønskjeleg.

Ho kjem inn på det kreative hos mennesket. Gud som skapar er i sin natur kreativ, og vi som er skapte i hans bilde, skal vel òg vere kreative. Det eksperimentelle kan vere interessant. Dessutan nemner ho dette med kunsten i kyrkja. Den burde ha større plass.

Har du hatt opplevingar du ser tilbake på med særleg glede?

Her kjem det kjapt: Å få vere med og spele orgel ved framføringa av Mozarts «Requiem» for ein del år sidan var ei oppleving som fylte meg med glede. Dette var eit samarbeid med Tomrefjord Songlag og Ålesund Operakor. Dirigent var Jostein Maude.

Kan du fortelje litt om di eiga musikkinteresse?

Den klassiske musikken og klaveret står nok hjartet mitt nærast, sjølv om eg er open for mange typar musikk. Dessverre blir det for lite tid til å dyrke eiga utøving. Det saknar eg sterkt, og eg kjenner at det stikk innvendig ved tanken på det eg ikkje får gjort. Dagen blir for oppstykkta til at eg greier å få øvd nok på dei store verka. Tidlegare i livet har eg fått vore solist i Universitetets Aula med Mozarts Konsert for to klaver og orkester i Ess-dur. Same konserten blei framført i Namdalen med meg som solist, og der var eg òg solist i Mozarts Klaverkonsert i d-moll. For meg som pianist var det store opplevingar å ta med seg, seier ho beskjedent. (Sissel er redd for å skryte av seg sjølv og held ein lav profil i det ho fortel.) Eg liker godt kammermusikk, til dømes trioar med klaver, fiolin og cello. Sjølvsaft står orgelmusikken meg òg nær. Av komponistar er Bach einaren. Det har vore ei stor oppleving å få reise rundt i Europa og høyre (og til og med få prøve) nokre av dei store orgla. Ho nemner kjempeorgla Cavaillé Coll i Notre Dame og St. Sulpice i Paris, orgelet i Royal Albert Hall i London, Bach-orgla i Leipzig-/Dresdenområdet og barokk-orgla i Nederland. (Det er glød i Sissels blick når ho snakkar om desse perlene.)

Elles er eg glad i impresjonistisk musikk. Eg har spelt mykje Debussy og Ravel, men elles varierer det frå årstid til årstid kva eg liker best å spele eller lytte til. Ho nemner òg romanisar av Schumann og Schubert og ikkje minst, vår eigen Edvard Grieg. Eg kunne forresten godt tenkt meg ein tur til Wien for å høyre Wienerfilharmonikarane spele dei store komponistane som Brahms til dømes. (Det glimtar til når ho nemner dette.)

Til slutt spør vi Sissel om ho spelar andre instrument eller har fleire skjulte talent.

Eg kan vel innrømme at eg har spelt nokså mykje klarinett i yngre dagar. Det var dessutan biinstrumentet mitt i utdanninga. Elles har eg spelt blokkfløyte (barokkfløyte) og litt gitar. I heimen vår har musikken vore sentral, noko som ser ut til å ha smitta over på dei fem borna våre. Alle er utøvarar i song eller på ulike musikk-instrument og har deltatt på enkelte arrangement i Vestnes. Best kjend er kanskje Katrine som for tida reiser rundt i Europa med celloen sin saman med Moddi. Ungane har fått musikken inn med morsmjølka, *legg ho til med eit smil.*

Vi takkar Sissel for innblikket i «ein kantors liv» og forstår at der «spelar ein på mange strengar». Til slutt gir ho oss eit sitat som vi tar med: «Kyrkjemusikken formar eit åndeleg og eit musikalsk siktemål. Kyrkjemusikken tolkar og formidlar kristen tru. Han er kyrkjelyden sitt felles svar på Guds tale til oss, og støttar og gir næring til det åndelege livet i kyrkjelyden.» Vi gler oss over dei vakre tonane ho tryllar fram enten det er til salmesong eller instrumentalt. Det kan vere Chopins lette preluder eller Bachs fyldige orgelmusikk som dei seier reinsar sjela!

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184234/ 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest

Telefon 71184236/ 99717442

E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjer

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: kyrkjevevjer@vestnes.kommune.no

Tone Hvidsten, vikar for diakon

Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schjøtt, kantor: Telefon: 71184230/ 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238/ 41472908

E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Nina Kvernmo, konfirmanlærar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Karnevals- gudsteneste i Vestnes kyrkje

Søndag før faste blir også kalla Fastelavns-søndag. I mange land er dette tida for karneval. Dei siste åra har også vi hatt karneval på denne søndagen. Vestnes kyrkje var duka for karnevalsgudsteneste den 15.februar. Her var det mange utkleddde og fargerike born som fekk oppleve ei familiegudsteneste med dåp og mykje song. Etter gudstenesta var det bol-lar til kyrkjekaffien og ulike aktivitetar for borna.





Spennande besøk til Vestnes kyrkje!

Sett av fredagskvelden 17. april og ta deg ein tur til Vestnes kyrkje kl. 19.00. Inviter gjerne fleire med deg. Vi kan love ein spennande kveld. Vi får besøk av Bjørn Are Davidsen som er ein Noregskjend skribent og forfattar. Han snakkar på ein folkeleg og lett måte og er kjend for å fenge publikum. Denne kvelden vil han ta oss med i ein refleksjon om Gud sin eksistens. Bjørn Are Davidsen har sjølv sendt litt reklame for kvelden til kyrkjebladet. Sjå nedanfor.

EKSISTERER GUD?

- gode grunner for å tro på Gud?

Det er lett å tenke at gudstro kun handler om følelser eller tradisjon. For har ikke vitenskapen fylt inn de hullene som man tidligere brukte Gud til å forklare?

I dette foredraget skal Bjørn Are Davidsen ta oss med inn i diskusjonen om Guds eksistens og se på noen argumenter for og i mot. Kanskje er det bedre grunner til å tenke at Gud eksisterer enn mange tror?

Bjørn Are er sivilingeniør og har blant annet skrevet bøkene «Eksisterer Gud? - En drøftelse av argumenter for og i mot» (2013) og «Svar på tiltale- Nye ateister - Gamle anklager - Gode grunner for tro» (2012).
(Bildefotograf er Arnfinn Pettersen)



Forsongarar på gudstenester

Ved Sissel Schjøtt

Salmesongen er ikkje god nok på enkelte gudstenester. Eg vil gjerne ha hjelp til denne i alle kyrkjene. Mitt ønskje er at dei som føler seg kalla, tar kontakt med meg. Ta ein titt på gudstenestelista bakarst i dette bladet og sjå om det

er nokon gudstenester som passar. Vi møtest i kyrkja 3/4 time før og syng igjennom salmar som er mindre kjende. Særleg ønskjer eg hjelp til alle konfirmasjonane.

Den gamle slektsgarden vart ein heim for mange

Gravminnet til Myra-familien restaurert

Av Per Bjørn Ellingseter

"Hellandsmyra", oftast kalla berre "Myra", er ein gammal gard. Namnegranskarar meiner at namnet "Helland" kan tyde på at her frå gammalt har vore ein kultstad, ein stad for dyrking eller tilbeding av guddom ("heilag-land").

Bygdetradisjonen veit å fortelje at då "skottetoget" kom til kysten vår i 1612, vart dei losa innover til Klungnes av ein oppsitjar i Hellandsmyra, *Iver Helland*. Han og dottera *Ingeleiv* låg ute på fjorden og fiska då dei vart praia av skottane. Iver vart tvinga til å gå om bord i skipet, og dottera vart sjølvsgatt redd og forskremd. Som trøyst fekk ho ei sølvsaks og ei sølvfingerbjørg av fru Sinclair. Denne saksa vart brukt til å klippe snora med då den nye vegpar-sellen gjennom Helland vart opna i juni 1998.

Vi kjenner namna på alle brukarane i "Myra" heilt tilbake til 1597, og finn ingen Iver før i 1775. Det er såleis grunn til å stille spørsmål om sanninga i den gamle segna. Derimot ser vi at frå og med den første Iver har garden gått frå far til son gjennom fleire generasjonar, og namna på brukarane har skifta mellom Iver og Ole.

Den siste brukaren, *Ole Andreas Iverson Helland* (1879-1952), vart gift med *Sigrid Nilsdr. Løvik* (1891-1973) frå "Nilsgarden" i Løvika. Dei fekk tre born: a) *Ingeborg* (1913-1915), b) *Ingeborg* (1918-1919), c) *Ivar Nils* (1932-1988). Ole tok over slektsgarden i 1911, same året som han og Sigrid gifta seg.

Dei to jentene deira døydde altså som småborn. Ivar var fødd med Downs syndrom. Sigrid vart enkje i 1952, og stod då aleine som eigar av garden. Ho og mannen hadde lenge drøfta korleis dei skulle sikre Ivar ei trygg framtid. Når no tanken om ein institusjon for psykisk utviklingshemma i Møre og Romsdal fylke vart lansert,

fann Sigrid ut at ei god løysing kunne vere å tilby garden til dette føremålet. Ho overlét så "Myra" vederlagsfritt til Møre og Romsdal støttelag for åndsvake, med skøyte datter 24. oktober 1953. Det vart tinglyst rett for sonen Ivar til "*pleie på denne eigedom så lenge han lever*". Ei av bygningane på Hellandheimen fekk namnet "Ivarstua", seinare "Ivartun", og står der den dag i dag som eit varig minne om odelsguten i Myra. Sigrid og dei ugifte søskena *Sofia* (1893-1969) og *Sigurd Løvik* (1902-1979) fekk tinglyst burett, og rett til å drive jordbruk på eigedommen så lenge det var aktuelt. Sigrid skulle også ha utbetalt kr. 3.000,- i året så lenge ho levde. Sigurd dreiv med sauer i nokre år etter at Hellandheimen tok over, men etter at den gamle løa på garden vart totalskadd i ein brann, vart det slutt med gardsdrifta hans.

I ein periode på 1940- og 50-talet var ei stove i "Myra" nytta til klasserom for småskulen i Helland krins. Mange elevar fekk dei første skuleåra sine her, under lærarinne *Magda Anderson* sitt kateter. Magda var nært knytt til familien i "Myra", og var ei god støtte for dei på deira eldre dagar.

Som takk for den store gáva til omsorga for dei psykisk utviklingshemma fekk Sigrid Helland Kongens fortjenestemedalje i sølv midt på 1960-talet.

I samband med ei markering på Hellandheimen sitt område for eit par år sidan, vart det bestemt at Vestnes kommune skulle restaurere gravminnet til familien i "Myra". Den gamle gravsteinen var av den typen som låg flatt nede på underlaget. Han var overgrodd av gras og mose, og namna var så å seie ulesande. Firmaet Silseth Sten på Eide tok på seg oppdraget. Dei pussa opp steinen, som vart oppreist i vertikal stilling og forsynt med namna til alle fem i den hardt prøvde familien. Resultatet vart svært vellykka, og alle som vil, kan no sjå den restaurerte steinen på den nordvestre delen av Vestnes kyrkjegard.

Eit interessant og viktig poeng er at steinen opphavleg vart teken ut oppe i lia under Rambergskollen, truleg på Hellandgardane sin grunn. Steinen vart køyrd ned på slede, men vi veit ikkje kven som bearbeidde han til gravminne.



Slik ser gravminnet ut etter restaureringa.



Frå høgtida då Sigrid Helland fekk Kongens fortjenestemedalje. Frå venstre: Ivar Nils Helland, Sigrid Helland, Magda Anderson, Kristian Hiorth Oppegaard (formann i støttelaget som var eigar av Hellandheimen den første tida). (Eigar av bildet: Gudrun Halsbog).

Gravminne 3

Av Kaare Lervik

I Kyrkjebladet nr. 2 i 2014 annonserte vi ein tredje artikkel om gravminne, og dette blir den siste, i alle fall i denne omgang. - Grava er sentral i kristendommen, for den minner oss om oppstoda og fullføringa av oppgåva Jesus hadde på jorda. Bernt Støylen si omsetjing av biskop Johan Nordahl Brun sin påskesalme, seier noko om dette:

*Jesus lever, gravi brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast,
Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast og Jesus lever!*

*Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!*

Vi har i denne serien sett at kristentrua og håpet har prega gravminna menneska har sett opp til minne om slektningane sine. Det å kunne gå til ei grav for å stelle ho, tenne lys, eller berre vere der, betyr mykje for dei fleste av oss.

Utforming av gravminna

Det er slik med utforming av gravminne som med byggeskikkar og mangt anna at dei følgjer motar og trendar i tida. Verktøyet til å forme steinane og andre materialar som har vore brukte til å lage gravminna, har forandra seg mykje. I dag kan ein skjere stein mest på same måten ein tidlegare kunne skjere i tre, og dét har òg sett sine spor. Om alle dei ulike utformingane er like fine eller funksjonelle, er det delte meiningar om. Så lenge mennesket er innblanda i dette, må ein leve med at smaken er forskjellig. Vi skal ikkje ta stilling til dette, men om ein les boka til Helge Klingberg, vil ein sjå bilde av vakre gravminne, og dei med uheldig form, slik han ser det.

- Bilda nedanfor viser utviklingstrekk i utforming av gravminne. Alle bilda er henta frå boka til Klingberg.




1910.



1930.



1950.



1990.



1970.



2010.

Lover og gravminne

Alt som har med graver og gravlegging å gjere, har heimel i lovverket. Det gjeld både Gravferdslova og Forskrift til denne. Ved å søke på Internett finn ein svar på alt som gjeld generelt. - Kyrkjeleg Fellesråd for Vestnes har utarbeidd reglar som blir av lokal interesse. Desse reglane bygger på nasjonalt lov- og regelverk, og interesserte kan få desse lokale forskriftene ved å vende seg til kyrkjekontoret.

Vern av gravminne

Innafor regelverket kjem òg dette med vern av gravminne. Her viser vi til artikkelen som kyrkjeverje Olav Egil Tomren har skrivne i dette bladet.

Vedlikehald av gravminne

Det seier seg i grunnen sjølv at også gravminna rundt om på gravplassane blir utsette for naturen sin eigen måte å bryte ned. Både mose og lav veks snart fram. Mose bør aldri få gro fritt, for den held på væte som i si tid frys til is, og smått om senn blir gravminnet ødelagt. Lav er ikkje så farleg, og det kan vel til og med gi gravminnet ein eigen patina. - Dersom ein passar på å gjere gravminnet reint kvart år, vil det vere like fint i mange år framover. Det beste er å vaske med såpe og vatn kvart år. Dersom gravminnet er heilt overgrodd, må ein bruke børste med naturbust eller nylonbust og sterkare vaskemiddel. Ein del klorin, ein del zalo og to delar vatn, er bra. Etter at denne blandinga får vere på ein dag eller to, må ein bruke rikeleg med vatn å vaske reint med. Klorin vil skade bladgull og måling i bokstavar og ornament.

Avslutning

Vi avsluttar no artikkelserien om gravminne som vi har hatt i Kyrkjebladet nr. 1 og nr. 2 i 2014, og så her i nr. 1 i 2015. Stoffmengda om dette emnet er svært stor, så vi er klar over at vår serie ikkje gir svar på alle spørsmål. Som vi nemnde i den første artikkelen, er det det gitt ut bøker om dette emnet, og vi har støtta oss spesielt til ei bok som heiter «Gravminner gjennom tusen år» av Helge Klingberg. - Om nokon, etter å ha lese alle tre artiklane, har oppdaga kor mykje ein kan lære på ein kyrkjegard, fått svar på somme spørsmål, eller sett kor fint det kan vere på kyrkjegarden, har vi oppnådd noko av det vi ville med denne serien.

En verden i Vestnes

- kontakt med asylmottaket i Åslia

Av diakon Tone Hvidsten

Det er fredag, og jeg parkerer bilen utenfor asylmottaket i Åslia. Jeg skal innom for å se om jeg møter noen. Det er stille i gangene, men på kjøkkenet hører jeg stemmer. Her er det noen som holder på å lage mat. Litt ukjente, gode lukter brer seg i gangene. I hallen er det en som vasker gulvet, han smiler og sier han vil gjøre seg ferdig før han kommer inn i stua.

Jeg setter meg ned og venter. Så kommer det flere. De smiler, håndhilser og spør hvordan det går. Alle gjør det. Smiler, håndhilser og spør hvordan det går.

Så snakker vi om det som er aktuelt her og nå. Om språk, om kulturforskjeller og likheter, om tro, familie, framtid ... Vi snakker på norsk og engelsk. Vi forstår ofte hverandre selv om tigrinja eller arabisk hadde vært enklere språk å uttrykke seg på.

Han som vasket hallen, kommer også inn, og han spør om jeg vil ha en kopp kaffe eller te.

Denne vennligheten. Den finnes i stort mål. Selv om deres reise hit til landet har et mørkt bakteppe.

Midt i Vestnes finnes det mange mennesker med helt spesielle utfordringer i livet. De er asylsøkere og kommer fra vanskelige samfunnsforhold i sine hjemland.

Noen venter i noen få måneder før de får oppholdstillatelse og en kommune å bosette seg i. For andre tar det flere år.

De har forlatt hjemland, familie og venner. Ofte under dramatiske forhold. Så kommer de til Norge. Her møtes de av en helt annen kultur og et nytt språk.

Det første året får alle tilbud om norskundervisning, og de har obligatoriske møter der ulike samfunnsspørsmål blir belyst. De har også plikter på mottaket, som for eksempel å dele på å vaske fellesrom.

Utover dette blir det mye ventetid. Mange unge kommer fra et studium, andre er vant til å arbeide. På mottaket blir det stille i forhold til slikt. Det er på mange måter en unntakstilstand.

I år har det vært en stor gruppe ortodokse kristne fra bl.a. Eritrea og Etiopia. Der er også muslimer fra bl.a. Syria og Sudan.

Asylmottak er asylsøkerens første møte med Norge. Som kirke ønsker vi å være der og bidra med dialog.

Besøket på asylmottaket er over. Jeg har drukket teen som ble servert, og jeg har lært noe gjennom dette møtet. Denne vennligheten. De smiler, håndhilser og spør hvordan det går. Litt varmere om hjertet går jeg ut i vinter'n.

Fakta:

Type mottak: Ordinært mottak

Etablert: 2010

Antall plasser: 145

Beboere: 1/3 asylsøkere, resten har fått opphold eller avslag. En stor del menn, få kvinner og barnefamilier.



Til alle tider

Tekst/mel. Bjørn Eidsvåg

En tåre renner fra ikonet
en mager mann med tornekrone
grepet ser jeg ned
min tro, mitt håp, min fred
jeg ser hva jeg har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
skammen bærer jeg

En mager mann som stille lider
evig Gud til alle tider
I himmel og på jord
min frelser og min bror
jeg ser hva du har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
nåden bærer meg

Et ord, en mann, et speil, en gåte
forundret ser jeg speilet gråte
så lite tro jeg har
jeg overhører svar
jeg trodde det var meg
som skulle redde deg
skamfull ser jeg ned
det var du som led

Copyright Quint AS
Trykt med løyve frå selskapet

Er jeg min brors vokter?

Av Per Audun Høgset

*Et menneskeliv
er
ingenting verdt,
det
kan nagles til et kors
og ende.*

*Er
jeg en av dem
som pisker med snert
og driver inn naglen,
kan hende?*

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2015

Vestnes kyrkje 01. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Hannah Marie Daum
Karl Johan Eik Dyrkorn
Marta Eik
Ida-Sofie Lee Risnes Fiksdal
Mathea Gården
Preben Hadland
Nora Helen Hanssen
Nico Olav Sundet Heinonen
Markus André Lyngvær
Alexander Nordahl

Vestnes kyrkje 03. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Daniel Eik Djupvik
Tor Erik Eik Ellingsen
Stian Hildre
Haakon André Tennøy Kjelsvik
Håvard Lid
Marthe Sofie Motland
Robin Pedersen
Hans Trygve Rekdal
Tobias Larsen Vatnehol
Hanna Vestre
Victoria Ashley Vik

Tresfjord kyrkje 10. mai

Andreas Gjul
Simen Dale Krogset
Olve Matias Sandøy-Hepsø
Kjersti Palconit Stokkeland
(konf. Vestnes 10. mai)
Sacha.N.A Syväoja
Erik Sylte Vikås
Asbjørn Sylte Vikås
Ruben Kjellevoid Øverås

Vestnes kyrkje 10. mai

Helland-konfirmantar

Eirik Lindheim Brastad
Signe Kleive Bredeli
Knut Stian Eik
Elias Breivik Finnøy
Lisa Frøystadvåg
Kevin Rypdal Giske (konf. Tresfjord.
10. mai)
Michelle Gjelstenli
Mads Michael Hestmark
Kristian Osdal Løvik
Malene Mogstad
Gabija Skirgailaite
Denise Skjegstad
Michelle Skjegstad
Markus Skorgenes
Synne Thoresen Solnørdal

Vestnes kyrkje 14. mai

Helland-konfirmantar

Andrea Aas
Patrick Pereira Augdal
Trym Bjermeland
Mats Olai Husøy
Elias Gimmestad Jensen
Håkon Kjørvi
Sofie Klokset
Ole Fredrik Lindgård
Isabella Mortensen (konf. i Danmark)
Gabija Razickaite
Anette Hagfonn Rønneberg
Hanne Langvatn Stokkeland
Joakim Øverås Stokkeland
Jardar André Furland Sylte
Ingrid Elise Sæter Vike
Robin Liavåg Vilnes

Vike kyrkje 24. mai

Helena Eiknes Abrahamsen
Håkon Vik Eiknes
Vilde Sylte Legernes
Kristian Sandøy Leikarnes
Jarle Løvik Salte
Jakop Villa
Astrid Væge

Fiksdal kyrkje 24. mai

Kris André Johnsen Abrahamsen
Tor-Gunnar Gjelsten

Kyrkjevalet 2015

- Vil du vera ein av kandidatane når det skal veljast nytt sokneråd til hausten?

I kyrkjevalet til hausten skal det veljast nye sokneråd og leke medlemmar til Bispedømmerrådet. Valet skjer 14. september, same dag som val til kommunestyret og fylkestinget. Nominasjonsprosessen er nært føreståande. Sokneråda leier kyrkjelyden si verksemd der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor påverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Her er nokre døme på soknerådet sine ansvarsområde:

- Gudstenesteliv
- Trusopplæring og undervisning
- Diakoni og omsorg
- Kulturarbeid
- Kyrkjemusikk
- Misjon
- Bruk av midlar som kjem inn på ofringar
- Utleige av kyrkja
- Seie si meining når det gjeld tilsetjingar av prest, prost og biskop

Alle kyrkjelydar har sitt eige særpreg og sine kjernesaker. Du kan vere med på å forme din kyrkjelyd med ditt engasjement. Det er viktig å få inn menneske i ulike alder og med ulike interesser, og som kan samlast om at kyrkjelyden er kyrkja sin viktigaste stad for forkynning og omsorg.

Alle medlemmar i Den norske kyrkja over 15 år har stemmerett ved Kyrkjevalet, og alle medlemmar over 18 år kan sitje i soknerådet.

Du er herved oppfordra til å engasjere deg! Ta kontakt med Kyrjekontoret på tlf.nr. 71 18 42 35 / 71 18 42 32 om du kan tenkje deg å stille som listekandidat til haustens soknerådsval.

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Påskeevangeliet og påskeduk

Vi ynskjer deg velkommen til våre gudstenester for å høyre og oppleve påskeevangeliet. Gudstenestene på sjukeheimar og trygdeheimar er også opne for alle som ynskjer å kome dit. På langfredag i Vike kyrkje vil vi ta i bruk vår nyinnkjøpte påskeduk som er 22 meter i si fulle lengde. Biletet under viser eit lite utdrag.

Palmesøndag: kl.11.00: Storfamiliegudsteneste på Myra kulturhus

Skjærtorsdag: kl.12.00: Sportsandakt på Tomresetra
kl.16.00: Nattverd gudsteneste på Tresfjord trygdeheim
kl. 18.00: Høgmesse med nattverd i Vestnes kyrkje

Langfredag: kl.11.00: Gudsteneste med påskeduk i Vike kyrkje
kl.16.00: Nattverd gudsteneste på Vestnes sjukeheim



Påskedag: kl.11.00: Høgmesse med nattverd i Fiksdal kyrkje

kl.11.00: Høgmesse med nattverd i Vestnes kyrkje

2. påskedag: kl. 11.00: Høgmesse med nattverd i Tresfjord kyrkje

Bevaring av gravminne på Vestnes kyrkjegard

Ved Olav Egil Tomren

På vårparten 2014 blei det sett ned ei gruppe som skulle utarbeide eit framlegg til «bevaringsplan for gravminne ved Vestnes kyrkjegard». Nemnda har denne samansettinga: Olav Venås (leiar), Olav Egil Tomren (sekretær), Geir Falch, Sonja Flølo, Audbjørg Gjerde Lippert og Kaare Lervik. Det er Vestnes kyrkjelege fellelsråd som skal stå for endeleg godkjenning av planen. Han skal rullerast med nokre års mellomrom. Planen vil også vere ein mal for planar som skal utarbeidast for dei andre kyrkjegardane i kommunen.

Regelverket i dag er slik at ei grav er «fri grav» i 20 år. Etter den tid kan ein betale festeavgift 5 år om gongen. Når det på eit tidspunkt ikkje lenger er nokon som vil vere festar, overtek fellelsrådet råderett over grava. Fellelsrådet kan då fjerne gravminnet og bruke grava på nytt. For å unngå at gravminne med bevaringsverdi blir fjerna, ønskjer vi no å få utarbeidd ein plan som viser kriterium for kva gravminne fellelsrådet ønskjer å bevare. Desse kriteria byggjer blant anna på det som kyrkjegardskonsulent Helge Klingenberg anbefaler i boka si «Gravminner gjennom tusen år».

Gravminna i følgjande kategoriar: obeliskar, liggjande gravminne, jarnkors og gravminne m/medaljong dag/natt ønskjer vi skal bevarast. I tillegg skal alle gravminne eldre enn 60 år bli vurderte. Det kan også vere andre gravminne som bør bevarast på grunn av til dømes sjeldanheit, his-

toriske årsaker, tidsepoke, spesiell form, barnegrav etc. Vi ønskjer å ta vare på mangfaldet.

Det står nokre jarnkors ved muren på vestsida av kyrkjegarden som er tatt frå graver som er brukte om igjen. Kvar dei jarnkorsa skal plasserast, er det foreløpig ikkje tatt stilling til.

Nemnda har gått gjennom kyrkjegarden og notert seg dei aktuelle gravminna som kan vere bevaringsverdige. Desse er tatt bilde av og sende over til Fylkeskommunen si kulturavdeling til vurdering. Vi ventar på tilbakemelding frå dei. Desse vurderingane blir tatt med vidare når nemnda skal fortsette arbeidet sitt med planen.



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

28.12 Sakarias Misund Fiksdal

28.12 Susanna Nguyen Vollen

25.01 Selma Håset-Aas

25.01 Nico Anthony Aas

15.02 Beatrice Sissel Karin Smith

Fagerstad

01.03 Isak Sellereite Pedersen

15.03 Tobias Larsen Vatnehol

Døde:

21.11 Palmer Gjelsten

23.11 Rolf Ulvestad

22.11 Kåre Reiten

24.11 Halvor Magne Ulsaker

25.11 Erling Solholm

26.11 Per Atle Skare

22.01 Robert Hjelvik

05.02 Anders Dalsegg

16.02 Svein Magne Ulla

22.02 Ragnar Karlsen

25.02 Nils Kjartan Overå

02.03 Nils Gjeitnes

Vike kyrkje

Døpte:

15.03 Sophia Iserni Lange Nørve

Døde:

16.02 Martha Anette Vik

Fiksdal kyrkje

Døpte:

08.02 Elias Nakken

08.02 Levis Lars Skystedt Saari

Vigde:

28.02 Catrine Bruaset og

Lucas Merten

Døde:

03.12 Solveig Arnbjörg Fiksdal

01.01 Roger Artur Fiksdal

06.03 Evelyn Ellingseter

09.03 Hans Kristian Lien

Tresfjord kyrkje

Døpte:

26.12 Amalie Duaso Larsen

26.12 Signe Rødal Nerbø

18.01 Astrid Anea Brastad Sylte

22.02 Selma Lovise Kjersheim

Syltebø

22.02 Alise Lillebo Rørvik

22.02 Caroline Thomassen

Bjermeland

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik,
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas,
Kari Nakken, Per Audun Høgset og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha
med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt
med redaksjonen. Takk!*

Gåver til drift og distribusjon av
kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124



Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

29. mars Palmesøndag

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste.

Takkoffer til trusopplæring.

02. april Skjærtorsdag

Tomresetra kl. 12.00

Sportsandakt. Takkoffer til Tomrefj.
kristne forsamlingshus.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kvite Band.

03. april Langfredag

Vike kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

05. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Den norske Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Søndagsskule.

06. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Diakonien i soknet.

12. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Ekumenisk gudsteneste v/ Karsten

Morfjord og Sigurd Stige.

Samarbeid med og takkoffer

til Misjonsforbundet.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Folkemusikk.

Utdeling til 1. klasse. Takkoffer til

Romsdal Søndagsskulekrets.

19. april 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Wycliffe.

22. april onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste for
Tomrefjordkonfirmantane.

Takkoffer til konfirmantarbeidet.

26. april 4. s. i påsketida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.

Takkoffer til Bibelselskapet.

30. april torsdag

Tresfjord kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste for
Tresfjord- og Vikekonfirmantane.

Takkoffer til KRIK.

framhald side 16

framhald frå side 15 Gudstenester i Vestnes

01. mai

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord.
Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

03. mai 5. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord.
Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

06. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 19.00

Ung messe. Samtalegudsteneste for
Hellandkonfirmentar.
Takkoffer til KRIK

10. mai 6 s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for
Hellandkonfirmentar.
Takkoffer til Konfirmentarbeidet.

14. mai Kristi himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for Helland-
konfirmentar. Takkoffer til Konfirment-
arbeidet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Dåpsgudsteneste.

17. mai Grunnlovsdagen

Gudstenester i:

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til NKSS - Skulelaget

Vestnes kl. 12.00

Takkoffer til Redd Barna.

Vike kyrkje kl. 10.00

Takkoffer til Redd Barna

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Takkoffer til Kyrkjestova.

24. mai Pinsedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

25. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

31. mai Treeiningssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til
Diakoniarbeidet.

07. juni. 2. s. i treeinigstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til NMS-misjonsprosjekt.

14. juni 3. s. i treeinigstida

Tomresetra kl. 12.00

Skaparverkets dag. Takkoffer til
Forsamlingshuset. Kyrkjekaffi.

21. juni 4. s. i treeinigstida

Korsstøneset kl. 12.00

Gudstenestevandring. Nattverd.
Takkoffer til Åkerlehaugen.

28. juni 5. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer: Misjonsprosjekt i Mali.

05. juli Aposteldagen

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

12. juli 7. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Trusopplæring.

19. juli 8. s. i treeinigstida

Stall Kjersem kl. 16.00

Skaparverkets dag.
Takkoffer til Amatheia.

26. juli 9. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Olsokgudsteneste i folketonedrakt.
Takkoffer til Kyrkjestova.

02. august 10. s. i treeinigstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Songgudsteneste.
Takkoffer til Sjømannskirken.

09. august 11. s. i treeinigstida

Øygardsbukta kl. 12.00

Friluftsgudsteneste.
Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

16. august 12. s. i treeinigstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Sjømannskirken.

23. august 13. s. i treeinigstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til konfirmentarbeid.

30. august Vingardssøndag

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmentpresentasjon.
Takkoffer til KRIK Vestnes

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Konfirmentpresentasjon.

Konfirmentjubileum.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

